



**STORD  
KOMMUNE**



# **Kommunal planstrategi Stord kommune 2020-2023**


## 1. innleiing

Plan- og bygningslova § 10-1 slår fast at kommunane er pliktige til å utarbeide kommunal planstrategi minst ein gong i kvar valperiode og vedta den seinast eit år etter kommunestyret si konstituering.

Planstrategi er eit politisk styringsverktøy det nye kommunestyret skal nytta for å klargjere kva for planoppgåver kommunen skal prioritera i valperioden for å møte kommunen sine utfordringar og behov. Planstrategien er retningsgivande for kommunen si planlegging, og skal sikra god utvikling av viktige område i kommunen og styrka utviklinga i dei einskilde sektorane, den har ingen direkte rettsverknad for innbyggjarane.

Planlegging er eit effektivt og godt styringsverktøy for berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommunal planlegging er viktig for å få ein meir berekraftig, brukarorientert, effektiv og resultatorientert offentlig sektor.

Det kommunale plansystemet følgjer av plan- og bygningslova, planstrategien omfattar alle dei ulike kommunale planane, og er ein arena for å drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon.



Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.

## 2. Prosess, grunnlag og medverknad.

Arbeidet med planstrategien har vore forankra i rådmannen si leiargruppe, organisert som prosjekt med plansjefen som prosjektansvarleg og folkehelsekoordinator som prosjektleder.

Kommunen har lagt folkehelseoversikta til grunn i arbeidet, den er utarbeida i samsvar med folkehelselova § 5-6 og inneheld statistikk og erfaringskunnskap frå innbyggjarar og tilsette.

Det er innhenta synspunkt frå fylkeskommunen, nabokommunar, egne tenesteeiningar og fagavdelingar, og sendt invitasjon til innspel til følgjande aktørar:

- Stord næringsråd
- Stord musikkråd
- Sunnhordland amatørkulturråd
- Stord eldreråd
- Stord ungdomsråd
- Stord råd for funksjonshemma
- Stord idrettsråd
- Sunnhordland fiskarlag
- Stord-Fitjar turlag
- Naturvernforbundet Hordaland
- Bømlo og Stord bonde- og småbrukarlag
- Fellesforbundet Stord
- Utdanningsforbundet Stord
- Kontaktutval for innvandrarak Stord
- Fagforbundet Stord/Fitjar
- Høgskulen på Vestlandet, avd. Stord
- Statens vegvesen
- Kystverket
- Sør-Vest politidistrikt Sunnhordland interkommunale miljøverk

### 3. Overordna føringar for kommunen sitt planarbeid

Kommunen skal leggja overordna nasjonale, regionale og lokale føringar til grunn for sitt planarbeid. Dette omfattar FN sine berekraftsmål, nasjonale forventningar, regionale føringar og eigen visjon «Saman om utvikling og velferd».

FN sine berekraftsmål og nasjonale forventningar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023 vart vedteke ved kongelig resolusjon 14. mai 2019. Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Det vert vist til visuell oversikt over berekraftmåla i vedlegg 1.

Regjeringa sine forventningar er vidare retta mot hovudtemaa berekraftig areal- og transportutvikling, vekstkraftige lokalsamfunn og byar/tettstadar der det er godt å bu og leve.

#### a. Regionale planar og føringar

Vestland fylkeskommune sine føringar er at kommunane skal leggja regional planstrategi (utviklingsplan) og dei regionale planane til grunn for planarbeidet i kommunen.

Oversikt over regionale planer er tatt inn i vedlegg 2.

Vestland fylkeskommune har utarbeidd utkast til ei rekkje mål og strategiar i utkast til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, desse er tatt inn i vedlegg 3. Utviklingsplanen vil bli regional planstrategi når den blir vedtatt.

#### b. «Saman om utvikling og velferd».

Kommunen skal utvikla Stord som attraktiv kommune, føra ein areal og planpolitikk som legg til rette for vekst i næringsaktivitet og folketal, samstundes sikra verdfulle friluftsområde slik at også framtidig generasjonar skal ha tilgang på varierte natur og friluftsupplevingar.

Kommuneplanen skal vera styrande dokument for arealbruken i kommunen.

Det skal vera ei restriktiv haldning til dispensasjonar frå kommune- og reguleringsplan. Kommunen vera pådrivar og medspelar for å leggja areal til rette for næringsutvikling. Infrastrukturen i lokalsamfunnet og til omverda er viktig for næringslivet, som transport, næringsareal og tilgang på kvalifisert arbeidskraft for næringsverksemdene. Næringsareal til sjø, areal i sjø til marine operasjonar og akvakulturområde er viktige for dei maritime næringane. Landbruksnæringa skal ha stabile rammer for produksjon og sal av mat og andre landbruksprodukt.

Det skal satsast på fortetting innanfor eksisterande bustadområde. Viktige friluftsområde, særskilt langs sjø, skal ikkje omdisponerast til utbygging. Det skal vera fokus på universell utforming av bustader og bygg.

Grunneigarar involverast tidleg når kommunen ynskjer å omdisponera areal. Det skal takast særskilt omsyn til Huglo sine behov for utvikling av lokalsamfunnet.

### c. Nærare føringar, mål og strategiar



## 4. Planarbeid i perioden 2020-2023 2020-2023

### a. Oversikt over planar

Namn plan	Type plan	Tidsrom planen gjeld for	Status
<b>Helse og levekår</b>			
Plan for rehabilitering, helse og omsorg 2012 - 2021	Kommunedel plan	Ny plan: 2021 - 2031	Under arbeid
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	Temaplan	2017-2020	Under arbeid
Strategisk kompetanseplan rehabilitering, helse og omsorg	Temaplan	-2025	Årleg rullering
Handlingsplan mot vald og overgrep	Temaplan		

Bustadsosial handlingsplan	Temaplan	2016-2019	Revisjon pågår
Handlingsplan mot vald og overgrep	Temaplan		Under arbeid
<b>Skule og barnehage</b>			
Kommunedelplan for skuleanlegg – skulebruksplan	Kommunedelplan	2019-2027	Til høyring
Kommunedelplan barnehage	Kommunedelplan	2015-2025	
<b>Kultur og idrett</b>			
Kvalitetsutviklingsplan oppvekst og kultur	Temaplan	2020-2024	
Bibliotekplan	Temaplan	2020-2023	Under arbeid
Kommunedelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	Kommunedelplan	2015-2025	
Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø	Kommunedelplan		Under arbeid
Nærmiljøanlegg – rehabiliteringsplan	Temaplan	2015-2025	
<b>Samferdsel</b>			
E39 Heiane-Ådland/Nordre Tveita	Kommunedelplan	2017-	
Rv 544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad: Lokalisering av ferjeleiet på Stord		2009-	
Trafikksikringsplan	Kommunedelplan	2012-2016	
Kommunedelplan for fastsamband Huglo	Kommunedelplan	2012-	
Hovudplan veg	Kommunedelplan	2014-2019	
<b>Klima, miljø, natur og landbruk</b>			
Hystad naturreservat - forvaltningsplan	Temaplan	2011-	
Klima- og energiplan	Temaplan	2008-	
Forvaltningsplan for hjort på Stord	Temaplan	2017-2020	
Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017-2025	Temaplan	2017-2025	
Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Stord og Fitjar	Temaplan	2014-	
Vassbruksplan for Storavatnet	Temaplan	2008-	
<b>Administrasjon - forvaltning</b>			
Kommuneplan samfunnsdel	Kommuneplan	2010-2021	Underarbeid
Kommuneplan arealdel	Kommuneplan	2010-2021	Under arbeid
Arkivplan	Temaplan	2016-	
Kommunedelplan Sagvåg og Litlabø	Kommunedelplan		Under arbeid
Kommunedelplan for Huglo	Kommunedelplan	2010 -	
Hamneplan	Temaplan		Under arbeid
Frugarden/prosesjonsveg Stord kyrkje	Område		Under arbeid

<b>Vatn og avløp</b>			
Kommunedelplan for vassforsyning	Kommunedelplan	2015-2026	
Kommunedelplan for avløp og vassmiljø	Kommunedelplan	2015-2026	

b. Kommuneplan

Kommunestyret vedtok planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel 20.06.2019, i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf. § 4-1. Revisjonsarbeidet med kommuneplanen skal halda fram i samsvar med dei rammer og føresetnader som ligg i planprogrammet.

c. Kommunedelplanen for Sagvåg og Litlabø

Arbeidet med kommunedelplanen for Sagvåg og Litlabø skal ferdigstillast i 2020. Planen skal erstatta fleire av dei gamle reguleringsplanane som framleis gjeld i området, desse skal opphevast.

d. Kommunedelplan E39 Heiane - Ådland

Det vil bli varsla oppstart av arbeid med kommunedelplan for E39 Heiane – Ådland i 2020. I planlegginga av ny E39 trasse skal tilknytingsveggar sikra god kommunikasjon lokalt og regionalt, det er også eit mål å ivareta mest mogleg av Landåsen.

e. Skulebruksplan

Skulebruksplanen skal vedtakast haust 2020, for tida ligg den ute til høyring. Dersom denne ikkje vert vedtatt som føresettt vil arbeidet halda fram i 2021.

f. Kulturplan

I budsjettvedtaket for 2020 heiter det at kulturplanane skal innarbeidast i planstrategien, denne er tatt inn i oversikta under.

g. Andre planar som bør reviderast og forslag til nye planar

<b>Namn plan</b>	<b>Type plan</b>	<b>Status</b>
Kommunedelplan for kultur	Kommunedelplan	Ny
Frivilligmelding	Temaplan	Ny
Kommunedelplan for trafikkisikring	Kommunedelplan	Ny
IKT-plan	Temaplan	Ny
Plan for betre tverrfagleg innsats	Temaplan	Ny

## 5. utfordringar

### a. Regionale utfordringar

Som regionsenter har Stord eit ansvar for å leggje til rett for tilgjengelege og gode tenester/tilbod også til innbyggjarar i andre kommunar i regionen. Fleire utfordringar er felles på tvers av kommunegrensene, og det er behov for samarbeid med nabokommunar om felles strategiar for saman å utvikle regionen i ønska retning.

Vestland fylkeskommune listar i sin rapport, Vestland Utfordringar for fylket og regionane, opp fylgjande utfordringar som sentrale for vår region:

- Klimaomstilling
- Balansert areal- og naturressursbruk
- Gode transportsamband og smart mobilitet
- Grøn konkurransekraft
- Digitalisering av samfunnet
- Relevant kompetanse og kunnskap
- Attraktive stader og gode nærmiljø
- Fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
- Likeverdige samfunn
- Ungdom - trivsel og tilhøyrse

### b. Lokale utfordringar – folketal

Folketalet i Stord kommune har vakse jamt over lang tid. Statistisk sentralbyrå spår framleis vekst, men lågare enn dei la til grunn for to år sidan. Hovudalternativet endar på 21 889 innbyggjarar i 2040. Hordaland fylkeskommune har utarbeidd sine egne folketalsframskrivingar, som ikkje gjev vekst i Stord kommune i det heile fram mot 2045.

Det er venta stor auke i personar over 67 år dei neste 10-åra.

Statistikk er tatt inn som vedlegg 4.

### c. Lokale utfordringar: Miljø og klima

Klimarekneskap som reiskap på lik line med økonomisk kostnadsvurdering av tiltak vert viktig framover. Oversikt over Stord sine klimagassutslepp viser at det meste av utsleppa kjem frå vegtrafikk og sjøfart. For begge desse er det transport av personar som utgjer hovuddelen. Medan dei fleste sektorane har nedgang i utslepp har det vore auke innan sjøfart, noko som også medfører auke i totalutsleppet.

Utslepp frå sjøfart i kommunen er dobla dei siste ti åra, her kjem nær halvparten av utsleppa frå persontransport. Utbygging bør ha som mål å redusere transportbehovet og leggje til rette for klima- og miljøvenlege transportformer som sykkel, gange og utsleppsfri kollektivtransport. Kommunestyret har gjort vedtak om at kommunen skal arbeida for monalege reduksjonar i klimagassutsleppa og vurdera å utarbeida klimarekneskap i samband med ny kommuneplan.

Trass i gode system for kjeldesortering ligg Stord under landssnittet i gjenvinning av avfall.

#### d. Lokale utfordringar: Fordeling, demokrati og sosial berekraft

Dei sosiale forskjellane aukar på Stord som i resten av landet. Levestandaren for mange blir betre medan den økonomiske kvardagen til familiarne som lever med låg inntekt endrar seg lite. Dette gjer at ulikheitene aukar i samfunnet vårt. I 2018 bur 7,4% av barn 0-17 år i Stord i hushald med låg inntekt. Meir enn 100 barnefamiliar får økonomisk sosialhjelp i løpet av eit år.

Det er auke i talet uføretrygda, også blant unge under 30 år. Nær 1 av 3 med innvandrarbakgrunn står utanfor arbeidslivet (Folkehelseoversikt 2020). Sosiale skilnader heng saman med utdanningsnivå. Fråfall i vidaregåande skule er redusert seinare år, og er no på om lag 14% (2018).

Det er relativt fleire einsame i Sunnhordland enn elles i fylket. Generelt ser ein at det er sosial ulikskap i oppleving av sosial støtte og einsemd.

Offentleg transport spelar ei viktig rolle for høve til sosial deltaking. Funn i folkehelsekartlegginga for Hordaland viser at folk i Sunnhordland i mindre grad enn elles i fylket opplever god tilgang til offentlig transport. Ulike kartleggingar viser at det særleg er dei unge og dei eldre som er misnøgde med kollektivtilbodet.

Stord kommune har stor merksemd på universell utforming. Ei kartlegging av tilgjenge viser at det framleis manglar mykje, både på eldre og nyare prosjekt, samtidig som det finns fleire døme på god tilrettelegging.

#### e. Lokale utfordringar: Næringsliv

Stord kommune har eit sterkt, offensivt og omstillingsdyktig næringsliv..

Det er flest tilsette i sekundærnæringane (industri og andre råvarebearbeidande næringar), varehandel og liknande. Jordbruk og fiske utgjer svært få lønstakarar i kommunen.

Stordsamfunnet har sidan 1970-talet vore tett knytt til petromaritim næring. Regionalt i Sunnhordland og Haugalandet er det bygging av oljeplattformer og modular som står for klart flest årsverk innan industrinæringane, og ein stor del av desse blir utført i Stord kommune. Framleis er desse næringane dei viktigaste sysselsetjarane, samstundes som nye marknader og nye verksemdar veks fram. Samanstillinga av havgåande vindmøller og elektriske framdriftssystem for skip er gode døme på ny bruk av den verdsleiande kompetansen me har opparbeidd oss. Kompetansen innanfor dei maritime næringane er svært viktig for regionen,

Saman med nabokommunane har me ei større breidde i næringslivet enn Stord åleine. Dette er ein føremon, og gjer oss sterkare som region.

#### f. Lokale utfordringar - Natur og friluftsliv

Stord har fleire område med store landskapsverdiar og som er viktige for rekreasjon, fysisk aktivitet og friluftsliv. Folkehelseoversikta viser at naturopplevingar og friluftsliv er svært viktig for folk sin trivsel og for folkehelsa. Turområde og parkar blir opplevd som blant dei viktigaste møteplassane i nærmiljøet. Tilgang til strandsona er særleg viktig. Små barn føretrekk leik i natur framfor bygde leikeplassar.

## Vedlegg 1: FN sine berekraftsmål



## Vedlegg 2 Oversikt over regionale planar:

Regional plan	Revisjon	Vidareføring	Fase ut	Merknad
Regional plan for innovasjon og næringsutvikling	X			Oppstart 2020
Regional klimaplan	X			Oppstart 2020
Regional plan for senterstruktur	X			Oppstart 2021
Regional transportplan	X			Oppstart 2020
Regional plan for kompetanse	X			Oppstart 2021
Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv	X			Oppstart 2021
Regional plan for vassforvaltning Vestland	X			Under utarbeiding
Kystsonenplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger		X		Vedtatt 2017
Strategisk plan for kysten (S&F)		X		Vedtatt 2018
Regional planar for folkehelse		X		Vedtatt 2014/15
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet		X		Vedtatt 2017
Regional plan for areal- og transport på Haugalandet		X		Vedtatt 2017
Regional plan for Nordfjella 2014-2025		X		Vedtatt 2014
Regional plan for Hardangervidda 2011-2025		X		Under revisjon
Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)		X		Vedtatt 2012
Regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026		X		Vedtatt 2016
Regional plan for vindkraft (S&F)		X		Vedtatt 2011
Regional plan for småkraftverk (S&F og H)		X		Vedtatt 2009/12

### **Vedlegg 3 Utkast til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024:**

#### **Mål 1: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling**

1. Vestland skal vere pådrivar for klimaomstilling
2. Vestland skal forvalte og sikre viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
3. Vestlands skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

#### **Mål 2: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv**

1. Vestland skal utvikle menneskevennlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
2. Vestland skal utvikle Bergen og attraktive regionale senter som grunnlag for vekst i heile fylket.
3. Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.


#### **Mål 3: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping**

1. Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur og frivilligheita
2. Vestland skal utvikle eit meir aldersvennleg samfunn som grunnlag for verdiskaping
3. Vestland skal sikre deltaking gjennom utdanning og livslang læring

#### **Mål 4: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg**

1. Vestland skal skape nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
2. Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
3. Vestland skal styrke det regionale folkestyret

## Vedlegg 4 Statistikk



*Prognosar for folketalsutviklinga laga av SSB og Hordaland fylkeskommune*


Statistisk sentralbyrå legg til grunn nokre føresetnader for framskrivningane. Desse er at det på kort sikt blir reduksjon i fruktbarheita før den gradvis vil stiga, ei auke i levealderen, innanlands flytting med sentralisering mot storbyområda og redusert innvandring. Dette er nasjonale trendar som einskildkommunar ikkje kan påverka.

Det er i hovudsak innvandring som har stått for vekst i folketalet i seinare tid. Mykje av dette er arbeidsinnvandring som varierer i takt med konjunkturar både her i landet og i landa dei reiser frå.




**Innvandring i Stord 2010-2019 (SSB)**

Når det gjeld tilflytting innanlands så har Stord hatt meir utflytting enn innflytting frå andre deler av landet. Dei siste tala viser relativt stor auke i utflytting samtidig med nedgang i innflyttinga.




Tal

innanlands innflytting, utflytting og differansen mellom inn- og utflytting (SSB)




Funksjonelle aldersgrupper i Stord kommune (SSB)

Grappa eldre over 80 år er forventa å bli meir enn dobbelt så stor fram mot 2040.





(SSB, hovudalternativet)



Utvikling familietypar i Stord (SSB)

Personer som bor i husholdninger med lavinntekt etter kommunale grenser for lavinntekt (B, inndeling per 1.1.2020) - EU60, 0-17 år,



Tal lønstakarar fjerde kvartal 2018. Kjelde: Statistisk sentralbyrå